



Statens vegvesen

Cubus Arkitektkontor

Hanne Kathrin Vie

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Lars Ottar Sagstad / 55516434	Vår referanse: 17/27212-14	Dykkar referanse: 2015/4672-11	Vår dato: 09.10.2018
------------------------------------	---	-------------------------------	-----------------------------------	-------------------------

Vedrørende gang – og sykkeltilbod mellom Hoshovde og Hosanger – Reguleringsplan – Gnr. 87 bnr. 14 m.fl. – Hoshovdestølen – Osterøy kommune

Vi viser til mail fra Arkitektgruppen Cubus AS v/Hanne Kathrin Vie mottatt 24.september 2018.

Av eposten fremgår det følgjande:

«Viser til kommunikasjon med min kollega Ola B. Siverts vedr. gangsti mellom Hoshovdstøl og Hosanger i forbindelse med regulering av nytt boligområde på Hoshovdstølen, Osterøy kommune. Etter klarsignal for gangsti – på klare betingelser - etter dialog med Statens vegvesen og fylkeskommunen, har vi nå de avklaringene vi trenger for å gå vidare med den vidare planleggingen av selve boligfeltet.

Vi går nå gjennom de føringene som ligger for den vidare planleggingen av boligområdet før en re-oppstart av reguleringsprosessen med Osterøy kommunen den 15.10.2018.»

Utfra epost og tidlegare kommunikasjon med konsulent frå Cubus, legg vi til grunn at det er «Åsen-alternativet» som det er aktuelt å gå vidare med.

Statens vegvesen er fortsatt av den oppfatning at en gang og sykkelvei langs fylkesveg 567, er det beste alternativet for mjuke trafikanter som skal ferdas langs vegen.

Med henvisning til Hordaland fylkeskommune sitt vedtak i fylkesutvalget den 30.03.18, (sjå vedlegg) vil vi likevel ikkje motsette oss ei alternativ løysing, dersom trafikksryggleiken kan ivaretakast.

Som plankonsulent skriv må ein alternativ gangsvog tilfredstille klare føresetnader.

I Hordaland fylkeskommune sitt vedtak i fylkesutvalget den 30.03.18 er føresetnadene;

- Universelt utforma
- Minimum 2,5 meter breidde og ha fast dekke.
- Ha god belysning
- Vere rassikra
- Tilhøva knytt til drift og vedlikehald må vere avklart
- Det alternative tilbodet må framstå som ein attraktiv skuleveg

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Som sektormynde med ansvar for trafikktryggleik minner vi om at ein attraktiv skuleveg også innbefatter trygg kryssing av fylkesvegen. Per i dag er fartsgrensa 80km/t i kryssingspunktet, dette medfører krav om planfri kryssing. Planfri kryssing vil verte svært kostnadskrevjande.

Eventuell nedsett fartsgrense, må handsamast gjennom ein eigen prosess og kan ikkje leggast til grunn for vidare planarbeid.

Vi ser det også som sentralt at vi i ein tidleg fase får presentert tekniske teikningar som detaljer visar at det er mogleg å etablere eit universelt utforma tilbod.

Det er også viktig i samråd med Osterøy kommune å få avklart tilhøva til drift og vedlikehald på ein eventuell gangveg.

Når det gjeld konsulentens spørsmål om byggegrense kan vår uttale av 22.02.2012 leggast til grunn for planarbeidet.

Vi vil framleis halde på ei byggegrense på 30 meter langs fylkesveg 567, men vi kan akseptere at det kan leggast opp til utbygging for eit fåtal bustader på den smalaste delen av planområdet med ei byggegrense på 25 meter til senterlinja på fylkesvegen. Det er då ein føresetnad at det er denne byggegrensa og gjeld for oppføring av garasjar.

Vi ser det hensiktsmessig at konsulent frå Cubus kaller inn til møte med deltakarar frå Arkitektgruppen Cubus, Osterøy kommune og Statens vegvesen.

Plan- og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Osterøy kommune, 5282 LONEVÅG